

Voldingen Annanias Kongsvoll -

Offer på båten Thekla

Familien til Annanias Kongsvoll kom frå garden Kongsvoll i Volda. Annanias blei fødd der i 1876 og var den andre sonen til Johannes Kongsvoll. Han var den eldste ombord M/S Thekla.

Den eldste broren hans døydde ugift av hjartefeil i 1918. Då broren døydde løyste Annanias ut søystera, Anne, med kr. 3600, og overtok garden. I 1920 selde han et stykke jord til Anders Folkestad. Likevel ble garden seldt på tvangsauksjon til Per Johansen Flåte. Familien flytta så til Stord, der han arbeidde i gruva som hadde levert kopar til Friheitsstatua i New York. I Voldasoga kan familien følgjast bakover til 1615.

Annanias var gift med ei enkje som heit Anna. Ho hadde to born frå før. Dei fekk to born saman. Den eldste var Einar, fødd den 15. mai 1910. Han fekk engelsk sykje då han var liten gut, og var svakeleg heile livet. Han døydde på ein sjukeheim åtti år gamal. Den yngste, dottera, vart fødd i 1931. Ho gifta seg, og fikk born og barneborn.

Annanias blei enkjemann i 1931. Han var etter kvart mykje heime-

frå, som anleggsarbeidar. Han arbeidde på Sauda smelteverk og i kisgruvene på Stord. Der budde familien på Hystad.

Etter frigjeringa, i mai 1945, berre forsvann han!

Han skulle i det minste kjent ansvaret for sonen. I september same året kunne familien lese i avisa at han var død. Og at han hadde vore landsvikfange. Korleis kunne dette henge saman? Dei visste ikke om at han hadde gjort noko som kunne vere staffbart.

Medfanger visste at han aldri hadde vore med i Nasjonal Samling, men dei kjente han ikke frå før. Dei såg han berre, der han gikk lut og kua. Tilliks med dei andre fangene blei han håna av vaktene. Han gjekk der som ein stakkar, og hadde det sjeleleg vondt.

Men han trøysta seg med ein song. Han var ikke heilt unglenger, 69 år, men stemma heldt ennå. Ofte song han "I ensomme stunder" av Ole Bull.

Annanias Kongsvoll står ikke registrert i landsvikregisteret. Konkret vil det seie at det ikke er registrert nokon mistanke om landsvik mot han.

Men det herska lovløyse også etter frigjeringa. Om ein blei sett

inn, var det ikke lett å bli sleppt ut. Det var ikke lov å skrive brev eller telefonere.

Men det var ein som visste kvi- for Annanias Kongsvoll vart sett i fengsel. Så no kjenner dottera og hennar familie historia. For det var ikke nok med at sonen og dottera brått og tragisk mista far sin: Dei blei plaga på grunn av faren, som ut fra måten han døydde på måtte ha vore ein stor forrædar. Og det uten at nokon ante, eller visste, noko på førehand.

Dottera fortalde borna sine at faren ikke var verd å minnast. Det hang et bilde av hennar svigerfar på veggen - men ikke av faren....

Her er det politimann Jens Sørstrand fortalde: "Eg var i kaptein Linges kompani Snowflakes." Ca. 8.mai 1945 var Sørstrand med Fjordbåten. I Nordfjord såg han at to mann i 20-22 års-alderen truga ein eldre mann på livet med en kniv. Den truga var visst mistenkt for å vere "dårlig nordmann". Dei sa at han hadde vore angjevar, eller hadde dreive med svartebørshandel. Sørstrand sa at dei ikke hadde noko med kva han var. Det måtte i så fall ein rett avgjere.

Sørstrand visste ikke om det var noko gale ved denne mannen

eller ikke. Sørstrand var væpna med en pistol, og tok den opp. Dei to unggutane la på sprang. "Mannen, som heitte Annanias Kongsvoll var veldig glad for at eg redda han ut or denne leie knipa. Han ba om å bli sett inn, han var livredd. Eg gav beskjed om dette til mine overordana då vi kom fram, og fortalte om kva som hadde skjedd. Annanias Kongsvoll fekk overnatte i fengselet. Men han kom, av ein eller annan merkeleg grunn aldri ut att."

Politimannen Sørstrand gløymde aldri denne mannen som var så takkemeleg for at han hadde redda livet hans. Han gløymde heller aldri korleis det gjekk med han.

"Eg såg båten gå i lufta. Det var ei svart røyksky på 200 meter. Båten var ei skøyte eller leker med eigen motor. Tyskarane ga beskjed om eit stort lager med sprengstoff på Fugleskjærskaa. Dette skulle fjernast. Det vart nytta vartektsfangar, mistenkte landssvikere til jobben, fortalde Sørstrand.

Om Annannias Kongsvoll var landssvikar eller ikkje er det ingen som veit. Sjølv fekk han aldri høve til å seie noko om det.

FORRETTNING
6800 FØRDE, TLF. 57 82 32 66
priv. Ole Johnny Farsund 57 82 28 96
94 57 14 62

NISSAN et bedre kjøp

Biltreff a.s

CAMPINGVOGNER

DEMO/
UTSTILLINGSVOGN
Hobby Prestige 520
TOM 1995, med utstyr.

Gunstig kjøp no!
Leveringstidspunkt
etter avtale.

Biltreff a.s

Bergehuset, 2. etasje,
KRONBORG, 6801 FØRDE.
Tlf. 57 72 56 60

Kveld:

Avedal 57 82 14 64
Systad 57 82 39 62



NISSAN

-din partner i bil